



Majo Eigedom AS  
Lindåsveien 154  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2474 - 14/6134

Saksbehandlar:  
Nina Bakanova  
Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:  
17.03.2014

## Manglar i sak 14/2474 etablering av ny bustad Gbnr 177/21 Nesse

Det vert vist til søknad om dispensasjon, byggesøknad for etablering av bustad og søknad om utslepp, motteken 13.12.2013. Før saka kan handsamast vidare, må følgjande avklarast:

### Utslepp

Det er opplyst i søknad at det skal etablerast felles reinseanlegg for avlaup på Gbnr 177/6. Vi ber om utgreiing av forholda, sidan vi kan ikkje sjå at det er søkt etablering av felles reinseanlegg i innsendte søknad om utslepp.

Dersom ein ny bustad skal knytast til etablert privat borehol, må det dokumenterast at borehol har nok kapasitet og drikkevatt er hygienisk trygg. Plassering av borehol må visast på situasjonskart.

### Avkjørsel

Det er opplyst i søknaden at det skal etablerast avkjørsel. Avkjørsel må vere godkjent av vedkommande vegmyndighet, jf veglova §§ 40 til 43. Vi gjer merksam på at dette må avklarast med vegstyremakt (Statens vegvesen) før byggesaka vert handsama.

Det må sendast inn til kommunen terreng-/lengdeprofil som er representativ for avkjørsel. Det må også vere vist avgrensing av bredda på avkjørsle, svingradius og siktlinjer.

Ved etablering av veg over dyrka mark i LNF-område må det sendast inn søknad om disponering etter jordlova til Landbruk i kommune.

### Ansvarsrettar

Søknad for godkjenning av ansvarsrett for Terje Økland er mangelfull. Det manglar vedlegg «Referanseprosjekt» (byggeblankett 5160). Ved søknad om lokal godkjenning av ansvarsrett må føretaket vise at det nyttast nødvendig og relevant fagkompetanse for å gjennomføre det aktuelle tiltaket etter plan- og bygningsloven. Det er mellom anna ikkje gjort greie for kvalifikasjonar (erfaring og utdanning) for å kunne vere ansvarleg føretak.

### Sportsbod

Vi ber om utgreiing av plassering av sportsbod. Dersom det skal oppførast utvendig sportsbod, må det visast på situasjonskart.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Sakshandsamingstid

Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. §21-2 og byggesak kapittel 5. Reglar om fristar for sakshandsaming gjeld ikkje i dette høve då søknaden ikkje er fullstendig. Det er ikkje tidsfrist for handsaming av søknad om dispensasjon.

Med helsing

Nina Bakanova  
sekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Sverre Nesse

Seimsstranda 483 5912

SEIM

